



KOPI

Nils Gullak Kvalvågnes
Kvalvågnesvegen 682
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/458 - 22/16414

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
25.02.2022

Revidert - Stadfestar mottatt klage på seksjonering av parkeringskjellaren - gbnr 188/757 Gjervik ytre

Vi viser til vårt skriv «Stadfestar mottatt klage på seksjonering av parkeringsareal – gbnr 188/757 Gjervik ytre» av 25.02.2022. Noverande reviderte skriv av same dato erstatter tidlegare utstedt skriv om mottatt klage.

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 03.01.2022 på seksjonering av parkeringskjellaren i forbindelse med utsendt førehandsvarsel og rettesak om retting av bygningsopplysningar i matrikkelen i sak 21/10290 med saknr. 21/88039, datert 29.12.2021.

I klagen er det bedt om at det skal foretas retting av seksjoneringa av parkeringskjellaren slik at parkeringskjellaren vert fellesareal i tillegg til dei rettinga som framgår av førehandsvarselet. I følgje dykk, så følgjer det av rammeløvet at parkeringskjellaren skal vere fellesareal.

Det er i skriv frå kommunen av 17.01.2022 i sak 21/10290 med saknr. 22/4341 gjeve nærare forklaring kva førehandsvarselet av 29.12.2021 innebar:

«Dette førehandsvarselet og denne rettesaka gjeld berre retting av feilregistrerte/ ombytta bruksareal og tal/type rom innvendig i dei enkelte seksjonane. Denne rettesaka oppstod på bakgrunn av at ein eigar melde om feil areal på sin seksjon. Ved ettersyn viste det seg at det var gjort ombyte av opplysningar ved fleire av seksjonane.

Kravet om omgjerung av at garasjearealet er oppretta som eigen seksjon 37, er ikkje denne saka vedkomande, og må eventuelt behandlast som eiga sak.

Det er avdelinga for Miljø og Tilsyn som behandlar alle klagesaker for heile tenesta arealforvaltning, og dykkar krav om reseksjonering av seksjon 37 vert difor overført til den avdelinga for vidare vurdering.»

Dykkar klage er no overført til avdeling Miljø og tilsyn for handsaming.

Sakshandsamingsfrista for dykkar klage følgjer fvl. §11a. Bestemmelsen seier at førebuing og avgjerd av sak skal finne stad «uten ugrunnet opphold»,. Sakshandsamingstida skal ikkje vere lenger enn det er grunn til. Forarbeida viser til at «ugrunnet opphold» ikkje gir ein konkret frist for saksbehandlinga,

men er eit skjønsmessig begrep. Kva som utgjer «ugrunnet opphold», må imidlertid vurderast på bakgrunn av kor komplisert saken er, både faktisk og rettsleg samt kva for private og samfunnsmessige interesser den berører.

Dykkar klage kan verte avvist. Vedtaket om avvist klage er eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Klage på avvist klage vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av forvaltningslova (fvl.) §11a
- Kommunen skal foreta de undersøkelser som klagen gir grunn til, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33.
- Dersom vilkåra for å handsame klagen ikkje ligg føre, skal underinstansen avvise saken, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nils Gullak Kvalvågnes

Kvalvågnesvegen 682

5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Nils Gullak Kvalvågnes

Kvalvågnesvegen 682

5956

HUNDVIN